Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr. 36 | Herad: Jølster

Emne: Måter refse folk på | Bygdelag: Stardalen

Oppskr. av: Svein Myklebust | Gard: Veiteberg

(adresse): Veiteberg | G.nr. 18 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A.K. Veiteberg gardbr. 77 år

SVAR

1. Ein som var sein å skjere, skar
dei i holm. Han var ståande
att med teigen sin, og dei skar rundt
(han,) kenne. Ein tala om å skjere
seg utor åkeren: „Du må sjå deg
føre so du ikkje skjer deg utor
åkeren!" – Vart liggjande etter.
Dette ordlaget vart og nytta
om ein som gløymde gjere seg
bendele før han skar bondenet
Helst tala ein om å slå
nokon i holm, eller setje
skore for han; setje hogg
for ein. Synke på Mura var
so svær å slå at ho sette
hogg for drengen sin – Elles
berre ein halvle-pøke (framsleng)
Og Anne-Marie Befring sa til
mannen, dei stod slo: „Jabben
santene tenkjer eg eg slær deg
i holbm!" Han var so sein av
seg og svara berre til: „Norske
skit!"
Sjur i Bakken var dreng

8029

hos oss i Konfirmasjonsalderen. Leige-
Karen vår ville setje hogg for
han, men vart sjølv sligen i
holm. Då vart han so tykkjen
at han gret og gjekk sidan
opp på Gvotebåen og la seg til.
Men denne Sjur'n slo ikkje vel,
så for sa til han då vi slo i
finsltjeggen oppå Kleivane:
„Dette vert berre bukkeslåtte
No har du bukkehage etter
deg!" – Godt beite for bukken?

2. Kjenner ikkje til at folk var
ute skjærtorsdag-langfred og natt
og kunne få straff. Ungdomen
gjer alltid prette for friarane
laurdagskveldane og nokeine
drog båten han langt oppå
land, hengjer sykkelen oppi
tre, set kjerra på eit tak.
Og i seinare år har skikken
med å strå sagmjøl etter
friarvegen vorte nytta her og
3. Du skulle ha av julesolven
sa smeden til meg. Han tykte
ikkje eg gjorde det heilt rett i
smia. Dei laga nykje solvar
julaftan. Dei hadde då nykje
bruk for solvor den lange helga
må vita
4. Ein gjekk ikkje på reka
1. juledag.
5. Ein laga småting til kvarande
til jul før og: treskeiv, bróskar og

8029

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

rosute band. Men kjemner ikkje til nokor straff for dei som ikkje fekk. Seinare tider var det helst nyttehing vi fekk til jul, som nye underklar som ei ullskjorte med kvite lin-ingar ell. kvarar til oss borna, og so mange som trong då. Skinntröyer fekk dei som var i löa og viska. Skinnbukser til karane saumna med skinnseima, nål og reim av skinn.

6. Aukenamn er stadig mykje bruka som: måfå-fyre om ein som ikkje får det til eller går i måfå. Kryppesyple, Kröke, larkje (simpel kar) harke-Sunden kjøpte filler. Så fekk dei namn etter som dei budde: Egge-rusten, Strandeben Knut på Mosa, Knute på Kleivene Anders i Beita (hestebeitet på Skei) Og gardane frå Form til Helgheims-kyrkja sine kjenningsnamn.

Forma-trolla, Amots-beljane, Hauapistane, Øygards-ryssane Veitebergsbinane, Berningskrokane Bakke Øöstane, Flatjordshauken Lyngstadgauken, Heggheimssyta, Grepstad-gryta, Klakegstrølen Balsethherren, Håheimssnörane Skrestaurane, Forsheimskongane Skeisöltapparen, Fyglasömpa Strandrabbane og Husbåtlöysa. Helgjemsbrokklöysa –

8029

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

På nordsida av Jølstervatnet, der storevegen går, er det ofte lite stell med båtane, saleis på Hus og Helgheim, der kyrkja står.

Ein liten handelsmann kallar ein no gjerne for „grossen" Det same og om ein stordrivar av forretningsmann på bygda.

Og so buskapane har sine kjenningsnamn sume stader når dei fer i stølsmarka, etter som dei er omnøge etter å sølje beite.

8029

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING